



Plan for trafikk og Lye ungdomsskule

A) På skulevegen til og frå skulen

Elevane våre er ungdommar som held vanlege trafikkreglar når dei opptrer i trafikkbilete. Dei fleste går, sparkar eller sykklar til og frå skulen. Dei som sykklar må nytta hjelm, og dei som sparkar er oppfordra til å ha hjelm. På alle trinn er det nokre elevar som tek skulebuss. Her er det viktig at dei held reglane som gjeld for av- og påstigning.

B) Sykkelturar

Sykkelturar	Det skal vera med 2 vaksne med refleksvest, ein som sykklar først og ein sist. Dei vaksne må vera med tilbake til skulen. I planlegginga må det vurderast om det er stader med farlege punkt og sikra vakthald der. Turen skal normalt vera slutt til vanleg skuletid. Dei vaksne må ha med mobiltelefon med lyden på.
Sykkeltur i nærmiljøet	Ved korte turar i nærmiljøet kan ein vurdera om det er nok med ein lærar. Denne må ha med seg mobiltelefon med lyden på. Lærar skal sykla sist.
Sykkelhjelm	Alle elevane skal nytta sykkelhjelm. Dersom dei ikkje har, må dei låna av andre eller av skulen. Hjelmane ligg i kopirommet/lageret.
Merking	Det må vurderast om vegparti/kryss skal merkjast med skilt, varseltrekant e.l.
Fyrstehjelp	Skulen har fyrstehjelpsboxar som ein kan ta med på tur. Dei står på kopirommet

C) Gåturar langs veg / krysse over veg

Den eller dei vaksne ser til at ferdsel langs veg og kryssing av veg skjer forsvarleg. Refleks (helst vest) må vera med når dette er naturleg. Ved behov for refleks er det viktigast personane først og sist i rekkja har refleks.

D) Reglar som står i skulen sitt ordensreglement

- Syklar du til skulen, må du setja sykkelen på tilvist plass. Det er forbode å sykla på skuleområdet i skuletida. Når skulen skal på sykkeltur, må du bruka hjelm.
- I skuletida må du opphalda deg på skuleområdet, kunstgrasbanen eller området rundt grasbanen. I det store friminuttet kan du forlata området når dei føresette har gitt samtykke til det.

E) Bussturar og bilturar

Lye ungdomsskule reiser til Polen og Tyskland med Hvite Busser. Trinn og klassar reiser på turar til Stavanger, Brekko eller andre stader der buss eller bil blir brukt. Elevane skal halde vanlege trafikkreglar når me reiser med buss. Dei skal sitja på setet og ha på sele om mogleg. Det er eigen beredskapsplan som gjeld om det oppstår ulykker utanfor skulen.

F) ROS-analyse før turar

Før alle turar skal skulen, trinnet, turkomité, gruppe vaksne eller den ansvarlege foreta ein analyse av mogleg risiko og sårbarhet. Kva kan skje, korleis førebyggja dette og kva gjer ein viss noko skjer. Dokumenter og lever administrasjonen i dei tilfella det er naturleg.

G) Kompetansemåla i K06

Skulen underviser i kompetansemåla som handlar om trafikk. Skulen tilbyr valfaget Trafikk.

H) Formidling og evaluering av planen

Personalet går gjennom planen ved oppstart. FAU tek ein gjennomgang årleg. Trinnleiar tek opp planen i foreldremøte på hausten (minnar spesielt om hjelmbruk og at sykklar må vera i god stand).

Lye, 13.01.2016

Sigurd Ravndal